



## RÅDSMEDLEMMENE OG RÅDMANNSFORUM

### INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Torsdag 22.10.2020

Klokka 09.00-15.00

Stad: Møterom, Brakanes Hotel, Ulvik

Møteplan 2020 for Hardangerrådet, godkjent 24.10.2019 gjeld som møteinnkalling.

#### Agenda:

09.00 - 11.30 Sakshandsaming

11.30 - 12.30 Lunsj

12.30 - 13.30 Orienteringar: 1. Status for Hardcruise v/ Hans Parnefält  
2. Invest In Bergen v/Tone Hartvedt og Vidar Totland

13.30 - 15.00 Sakshandsaming

#### Saker til handsaming:

HR-sak 34/20 Meldingar

HR-sak 35/20 Hardangerrådet frå 2021

Godkjenning av

- Selskapsavtale
- Strategiplan

HR-sak 36/20 Søknad om støtte.

Gründerakademiet - etablerarkurs for Hardanger

Søkjar: Næringshagen i Hardanger

HR-sak 37/20 Ny fordelingsnøkkel for støtte til

Turistbåtruta på Hardangerfjorden 2021 - 2024

HR-sak 38/20 Møteplan 2021

HR-sak 39/20 Orientering om viktige saker i kvar kommune og i Vestland fylkeskommune med særleg vekt på koronapandemien -  
Orientering ved kvar ordførar


HR-sak 40/20 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50  
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 03.09.2020

Torgeir Næss/s  
rådsordførar

Jostein Eitrheim  
dagleg leiar



Møtedato 22.10.2020

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 34/20 Meldingar**

**Melding 1** Epost av 30.09.2020 vedrørende møte med Vestland Fylkeskommune  
Vedlegg 1: Samarbeid mellom regionråda i Vestland fylke og VLFK  
Vedlegg 2: Samspel mellom VLFK og regionråda i framtida



## Samarbeid mellom regionråda i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune

1 e-post

**Tora Haslum Myklebust** <toras@samaraidsraad-et-sunnhordland.no> 30. september 2020 kl. 10:20

Til: "post@vlfk.no" <post@vlfk.no>, "jon. askeland@vlfk.no" <jon. askeland@vlfk.no>, "rune. haugsdal@vlfk.no" <rune. haugsdal@vlfk.no>

Kopi: Ivar Kvalen <Ivar.Kvalen@luster.kommune.no>, Karstein Totland <Karstein.Totland@masfjorden.kommune.no>, Per Arne Tveit <Per.Arne.Tveit@fjaler.kommune.no>, Alfred Bjørlo <alfred.bjorlo@stad.kommune.no>, Olve Grotle <olve.grotle@sunnfjord.kommune.no>, "Næss, Torgeir" <tornes@kvam.kommune.no>, Morten Storebø <morten.storebo@austevoll.kommune.no>, Jostein Eitrheim <jostein.eitrheim@hardangerraadet.no>, Rune Heradstveit <Rune.Heradstveit@nordhordland.net>, Trond Ueland <Trond.Ueland@sunnfjord.kommune.no>, Karina Nerland <Karina.Nerland@sogndal.kommune.no>, "roger.djupvik@gloppen.kommune.no" <roger.djupvik@gloppen.kommune.no>, "per.kjollesdal@stryn.kommune.no" <per.kjollesdal@stryn.kommune.no>

Tusen takk for godt møte den 18. september Rune og Jon.

Vedlagt følger oppfølgingsbrev, som belyser dei ulike sakene som vart drøfta den 18. september, samt presentasjonen som Jostein Eitrheim la fram på vegne av samtlige regionråd i Vestland fylke.

Regionråda i Vestland fylke ser fram til det vidare samarbeidet med Vestland fylkeskommune, og ynskjer at ein møteplass, tilsvarande den regionråda i tidlegare Hordaland fylke hadde med Hordaland fylkeskommune kan bli etablert igjen. Der var også dei store kommunane invitert. Ein viktig møteplass, som gjer prosessar transparente. Det er eit strakstiltak me håpar kan opprettast igjen. No for heile Vestland fylke.

Ynskjer dykk ein riktig fin dag!

Mvh

Tora

*Tora Haslum Myklebust*

*Dagleg leiar*

*Samarbeidsrådet for Sunnhordland*

*Tlf 412 17 024*

[www.samarbeidsraad-et-sunnhordland.no](http://www.samarbeidsraad-et-sunnhordland.no)



*Me er ein miljøfyrtårnbedrift.*

*Ver venleg å ta omsyn til miljøet – skriv berre ut det som er naudsynt.*

## 2 vedlegg



**1143.20 Samarbeid mellom regionråda i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune .pdf**

101K



**Samspel mellom Vestland fylkeskommune og regionråda i framtida.pdf**

191K

Notat til: Fylkesordfører Jon Askeland, Fylkesrådmann Rune Haugsdal  
Kopi til: Paal Fosdal, fylkesdirektør for strategisk utvikling og digitalisering  
Bård Sandal, fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling  
Frå: HAFS kommunane, Samarbeidsforum i Sunnfjord, Nordfjord regionråd, Sogn regionråd, Hardangerrådet, Region Nordhordland, Samarbeidsrådet for Sunnhordland  
Dato: 30. september 2020  
Jnr.: 1143.20

## **Samarbeid mellom regionråda i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune**

Viser til møte 18. september mellom Vestland fylke, representert ved fylkesordfører Jon Askeland og fylkesrådmann Rune Haugsdal, og samtlige regionråd i Vestland fylke, representert ved rådsordfører/styreleiar og dagleg leiar.

Bakgrunnen for møte er at samarbeidsavtalen mellom regionråda i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune per dags dato ikkje er fornya, og at regionråda er uroa for det vidare samarbeidet. Føremålet med møte var å kartlegge samarbeidsflatene mellom Vestland fylket og regionråda i Vestland fylke, og starte prosessen med å fornye ein eventuell samarbeidsavtale.

I presentasjonen som vi la fram i møtet peikte vi m.a. på desse hovudoppgåvene for regionråda i eit nytt Vestland:

- Plansamarbeid - regional planlegging
- Infrastruktur
- Vidaregåande opplæring, høgskule- og universitet, regional kompetansebehov
- Etablera tettare partnarship med Høgskulen på Vestlandet omkring kjerneutdanningane innan
- Opplæring, helse og sosial og tekniske fag.
- Internasjonalisering
- Regional beredskap - ras, brann, flom samt oppfølging av koronaviruset.
- Regionale fagnettverk
- Distriktsmelding for Vestland

Presentasjonen er lagt ved brevet.

Vi ser på møtet vårt som svært fruktbart og eit godt grunnlag for vidare arbeid. Følgande punkt vart drøfta med fylkeskommunen:

- Regionråda ønsker å bidra aktivt med å sikre samfunnsutvikling på Vestlandet gjennom tett samarbeid med fylkeskommunen og andre regionale aktørar.
- Fylkeskommunen må ta ansvar for å koordinere dette gjennom dialogmøte, utviklingsavtalar og delfinansiering. Kommunane ønskjer ikkje ein felles uniformering av regionråda, kommunane bestemmer sjølve deltaking, formål, organisering og styring.
- Utfordringa er å skape ei felles politisk stemme på Vestlandet for å sikre utvikling, mangfald og oppretthalde dagens busetnad

Regionråda i Vestland fylke vil utfordra fylkeskommunen på kva me kan gjera for dykk. Regionråda vil vera ein aktør og kommunane meiner vi har ei viktig rolle i samspelet med fylkeskommunen. Eit samarbeid som fylkesordføraren og understreka viktigheita og nytta av. Å forhalda seg til 43 ulike kommunar til ei kvar tid kan bli svært utfordrande.

Regionråda ynskjer ein møteplass, tilsvarande den regionråda i tidlegare Hordaland fylke hadde med Hordaland fylkeskommune. Der var også dei store kommunane invitert. Ein viktig møteplass, som gjer prosessar transparente. Det er eit strakstiltak me håpar kan opprettast igjen. No for heile Vestland fylke.

Med helsing

Torgeir Næss  
Styreleiar  
Hardangerrådet

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar  
Hardangerrådet

Karstein Totland  
Styreleiar  
Region Nordhordland

Runge Heradstveit  
Dagleg leiar  
Region Nordhordland

Morten Storebø  
Styreleiar  
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Tora Haslum Myklebust  
Dagleg leiar  
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Olve Grotle  
Styreleiar  
Samarbeidsforum i Sunnfjord

Trond Ueland  
Dagleg leiar  
Samarbeidsforum i Sunnfjord

Per Kjøllesdal  
Nestleiar  
Nordfjord regionråd

Janne Anderson  
Sekretær  
Nordfjord regionråd

Hallvard Hallstein Oppedal  
Styreleiar  
HAFS regionråd

Per Arne Tveit  
Sekretær  
HAFS regionråd

Ivar Kvalen  
Styreleiar  
Sogn regionråd

Karina Nerland  
Dagleg leiar  
Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.



# Samspel mellom Vestland fylkeskommune og regionråda i framtida

Bakgrunn for nettmøte mellom regionråda 18.09.2020



## Erfaringsseminar i Førde februar 2019

- Tema: Utvikling av regionråda i Vestland fylke
- Særskilt fokus på samhandling mellom fylkeskommunen og regionråda/kommunane omkring samfunnsutviklarrolla i Vestland

### Hovudmåla for dei eksisterande regionråda er:

- Tenesterolle (oppgåvesamarbeid)
- Interessepolitisk utviklingsrolle (utviklingsaktør, påverknadsarbeid)
- Prosessrolle (høyringsuttalar, sakshandsaming)

Samfunnsutviklarrolla til regionråda må forsterkast gjennom auka samhandling med Vestland fylkeskommune.

- Signala frå Vestland fylkeskommune synest å gå i motsett retning og redusera regionråda si samfunnsutviklarrolle.



## Vi har i notat til fylkesordførar 31. mars 2020 stilt følgjande spørsmål -

- Korleis kan regionråda brukast som redskap til å ivareta den regionale utviklarrolla som den nye fylkeskommunen har?
- Korleis balansera by/land-utfordringane og framheve moglegheitene og styrkane?
- Sikre regionale fagnettverk
- Fylkeskommune som arena for samarbeid mellom regionråda? Årlege regionmøte/konferansar kan vera eitt av fleire tiltak
- Strategiske/politiske tema som kan vera relevante:
  - Plansamarbeid - regional planlegging
  - Infrastruktur
  - Skulestruktur Utdanning/kompetanse
  - Etablera tettare partnerskap med Høgskulen på Vestlandet omkring kjerneutdanningane innan opplæring, helse og sosial og tekniske fag.
  - Internasjonalisering
  - Regional beredskap - ras, brann, flom samt oppfølging av koronaviruset.
- Er det trong for ei eiga distriktsmelding for Vestland !
- Kva fullmakter skal regionråda ha på vegne av kommunane?
- På kva nivå analyserer vi samfunnet?

Viktige utviklingsoppgåver der regionråda bør kunne vera ein ressurs for fylkeskommunen:

- Samhandling ifm. regional utvikling
- Samfunnsutvikling/næringsutvikling (partnerskapsavtalar)
- Utarbeiding og implementering av fylkeskommunale planar
- Desentralisering av fylkeskommunale oppgåver/funksjonar
- Legge tilrette for ei meir samla politisk stemme i Vestland og mot nasjonale styresmakter

Til dette notatet har fylkesordfører så langt svart følgjande:

I epost 25. juni:

Eg syner til notat datert 31. mars 2020, som tek til orde for å samle regionråda til eit møte i haust.

Vestland fylkeskommune ser på samarbeidet med kommunane som særst viktige, og dei har ein nøkkelfunksjon for at fylkeskommunen løyser oppgåvene sine effektivt og best mogleg. Denne funksjonen er berre blitt viktigare etter samanslåinga, der det no er 43 kommunar ein skal samarbeide og ha dialog med.

Kommunane organiserer seg sjølve, og fylkeskommunen tilpassar seg dette. Det er kommunane som definerer regionråda si rolle og funksjon. Vi vil søkje eit aktivt samarbeid med kommunane og regionråda basert på dette.

Med helsing

**Jon Askeland**  
fylkesordfører

## I epost 13. august:

Hei, karar!

Eg hadde tenkt å snakka med dykk om dette før ferien, men det vart noko hektisk.

Brevet må ikkje lesast urovekkjande, men positivt på at me følgjer dei vedtaka kommunane fattar.

Det er i Bergensområdet det pr no er mest uklart med omsyn på regionrådsinndeling. Eg sonderte derfor med nokre ordførarar der, og fekk tydeleg signal om at dei ikkje vil bli tvinga inn i regionråd,- dette spørsmålet vil dei naturleg nok avgjera sjølv.

Så med tilvising til samtalen vår i vinter, så må de berre jobba på,- de handlar jo på oppdrag frå kommunane. Men, fylkeskommunen kjem ikkje til å inndela kommunane i regionråd utan at me får aktive vedtak frå dei om det.


Me kan gjerne ta eit tlf/teamsmøte for yttarlegare oppklaring.

Ha ein vakker dag!

Mvh Jon

## Oppsummering:

- Regionråda ønsker å bidra aktivt med å sikre samfunnsutvikling på Vestlandet gjennom tett samarbeid med fylkeskommunen og andre regionale aktører
- Fylkeskommunen må ta ansvar for å koordinere dette gjennom dialogmøte, utviklingsavtaler og delfinansiering
- Kommunane ønskjer ikkje ein felles uniformering av regionråda, kommunane bestemmer sjølve formål, organisering og styring
- Utfordringa er å skape ei felles politisk stemme på Vestlandet for å sikre utvikling, mangfald og oppretthalde dagens busetnad



Møtedato 22.10.2020	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

**HR-sak**        **35/20**                    **Hardangerrådet frå 2021**  
**Godkjenning av**

- **Selskapsavtale**
- **Strategiplan 2021 - 2024**

**Saksvedlegg:**

Vedlegg 1: Selskapsavtale vedteken i styremøte 15.10.2020

Vedlegg 2: Framlegg til Strategiplan 2021 - 2024

**Saksutgreiing:**

Hardangerrådet må innan 31.12.2020 ha vedteke ny selskapsavtale. Avtalen må også innan 31.12.2020 vera vedteken i kommune-/heradsstyra i alle eigarkommunane for at den skal vera gyldig.

Styret i Hardangerrådet iks handsama saka i sitt styremøte 15.10.2020 og gjorde slikt vedtak:

**HR-Styresak 20/20**

**Ny selskapsavtale frå 2021 for Hardangerrådet iks**

**Vedtak:**

Styret godkjenner framlagde selskapsavtale og oversender avtalen til Representantskapet for godkjenning.

Strategiplan 2021 - 2024

Aktiviteten i Hardangerrådet skal vera forankra ein strategiplan som regionrådet har godkjent. Framlegg til strategiplan for perioden 2021 - 2024 er vedlagt og dannar utgangspunkt drøfting. Utkastet vil verta grundig gjennomgått i møtet.

**Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet godkjenner framlagde selskapsavtale for Hardangerrådet iks og oversender den til eigarkommunane for endeleg godkjenning.

Hardangerrådet vedtek framlagt Strategiplan 2021 - 2024



Hardangerrådet iks



## Selskapsavtale for Hardangerrådet iks

### KAPITTEL 1

#### FØREMÅL OG LOKALISERING

##### § 1 Selskapet sitt namn, føremål og føresetnader

Selskapet sitt namn er Hardangerrådet iks

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap, oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.01.1999 nr 6, med kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik som deltakarar.


Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid.

Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

##### § 2 Målsetjingar

Hovudmålet med det interkommunale samarbeidet er:

1. Å bygga ein sterk region med samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane.
2. Å vera eit strategisk organ for Hardanger og bidra til ei berekraftig utvikling og styrking av regionen på ulike arenaer gjennom å ha ei nøkkelrolle i forhold til regional fornying, innovasjon og omstilling.
3. Å driva regional utvikling med fokus på breie og opne prosessar utøvd på tvers av sektorar, oppgåver og nettverk.
4. Å utvikla regionen gjennom samarbeid mellom kommunane med fokus på identitet, attraktivitet, næring, kompetanse, skule og helse.
5. Å gje felles fråsegner på vegne av kommunane overfor fylke, sentrale styresmakter og andre i saker der dette er naturleg.
6. Å samarbeida med andre regionråd og driva aktiv distriktpolitisk arbeid for å fremja viktige regionale saker, både internt men også overfor styresmakter på fylkes- og statleg nivå.
7. Hardangerrådet skal i si verksemd utgjera ein meirverdi for medlemskommunane i høve til å forsterka interessene deira inn mot fylkeskommune og sentralstyresmakter.



### § 3 Lokalisering

Selskapet har hovudkontoret sitt i Kinsarvik.

## KAPITTEL 2

### ORGANISERING OG STYRING

### § 4 Eigar- og ansvarsdel

Selskapet hadde ved stiftinga innskotskapital på 100.000 kroner.

Kommunane sin eigar- og ansvarsdel i selskapet er fastlagd slik:

Eidfjord	11%
Kvam	34%
Ullensvang	44%
Ulvik	11%
SUM	100%

Eigardelen og deltakaransvaret kan justerast kvart 4. år i samsvar med endringane i folketalsutviklinga i kommunane, første gong pr 01.01.2025. Slik justering krev endring i selskapsavtalen.

Kommunane heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter.

### § 5 Organisasjon

Hardangerrådet iks sine organ er representantskapet, styret, dagleg leiar og klagenemnd. Hardangtinget, Hardangerrådet, Rådmannsforum, Team Hardanger, Hardanger Ungdomsråd og Hardanger Kulturråd er politiske og administrative einingar som Hardangerrådet IKS har utøvande sekretærfunksjon for.

### § 6 Representantskap

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Representantskapet er til ei kvar tid medlemmene i regionrådet. Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet i samsvar med lover og denne selskapsavtalen.

Dagleg leiar og styreleiar tek del i møta i representantskapet med tale- og framleggsrett. Styreleiar har møteplikt jfr. IKS-lov §9 6. ledd.

Representantskapet skal halda minst 1 møte i året. Dette møtet er årsmøte for Hardangerrådet IKS. Andre møter følgjer IKS-lov §8, med unnatak av at innkalling til møte følgjer møteplan for regionrådet. Sakliste framgår av sakliste til møte i regionrådet, spesifisert kva saker som gjeld representantskapet.

Saker etter Lov om IKS skal meldast med 4 veker frist.



## **Årsmøte:**

Årsmøte i Hardangerrådet iKS skal haldast innan utgangen av april og er vedtaksført når minst 3 av kommunane er representerte med ordførar eller varaordførar.

Årsmøtet skal handsama saker i tråd med lov og denne selskapsavtalen:

1. godkjenna årsmelding
2. godkjenna revidert rekneskap for siste år
3. godkjenna budsjettet for komande år
4. godkjenna arbeidsplan
5. godkjenna den 4-årig økonomiplanen
6. velja styre med varamedlemmer
7. velja styreleiar og nestleiar i styret
8. velja rekneskapsførar og revisor
9. handsama andre saker som styret har lagt fram
10. avgjera fullmakter til styret
11. fastsetja godtgjersle til styret

Sakshandsaming og avstemmingar følgjer av IKS-lov §9.

## **§ 7 Regionrådet**

Regionrådet er samansett av ordførarane i eigarkommunane med varaordførar som personleg vararepresentant. Det er høve til å møta i regionrådet med fullmakt frå kommunen/heradet.

Regionrådet vel sjølv rådsordførar og rådsvaraordførar for to år om gongen.

Det skal haldast minst 4 møte i regionrådet kvart år. Det eine møtet skal haldast innan utgangen av april og skal vere årsmøte.

Regionrådet er vedtaksført når minst 3 av kommunane er til stades. Ved røysteliskap er leiaren si røyst avgjerande.

Rådsordføraren kan kalla inn andre til møta når han/ho finn det føremålstenleg for sakshandsaminga. Desse kan gje opplysningar og utgreiingar, men har elles ikkje høve til å ta del i drøftingane.

Rådet skal ta initiativ til å fremja intensjonane i §§ 1-2 og til å drøfta saker av sams interesse.

Regionrådet er samordningsinstans for dei utvala og aktivitetane som regionrådet femner om. Rådet kan på einskildområde setja ned eigne rådgjevande fagutval.

Regionrådet har møte etter ein oppsett årleg møteplan eller når rådsordførar eller 2 av kommunane krev det. Rådsordførar kallar inn regionrådet etter den fastlagde møteplanen som er å sjå å som innkalling til møte innafor 4 vekersfristen i lov om IKS. Møteplanen kan fråvikast når det er semje i regionrådet om det.

Sakliste til kvart møte vert sett opp av rådsordførar. Regionrådet sjølv avgjer å ta opp saker som ikkje kan venta til neste møte.

## **§ 8 Styre**

Styret i Hardangerrådet iks skal vera samansett av 3 personar med 2 varamedlemmer. Styret vert valde av representantskapet og for 2 år om gongen. Varamedlemmer vert valde for eitt år om gongen. Styret er vedtaksført når 2 medlemmer er til stades. Styreleiar kallar inn til møta og set dagsorden.

Styret skal sjå til at selskapet vert drive etter lover og denne selskapsavtalen. Styret skal sørjja for ein forsvarleg formuesforvaltning og føra tilsyn med dagleg leiar.

Rådsordførar har møte- og talerett i styremøter  
Dagleg leiar er sekretær for styret.

## **§ 9 Hardingtinget**

Hardingtinget er eit samarbeidsorgan i regionrådet og er samansett av formannskapa i eigarkommunane. Hardingtinget skal haldast minst 1 gong i året. Rådsordførar er leiar i Hardingtinget med rådsvaraordførar som nestleiar.

## **§ 10 Dagleg leiar**

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som har ansvaret for dagleg leiing i tråd med § 14 i Lov om IKS. Styret tilset dagleg leiar.

Styreleiar utøver arbeidsgjevarfunksjonen overfor dagleg leiar.

### **Dagleg leiar sine oppgåver:**

- Ansvarleg for dagleg drift, personale og budsjett/rekneskap for heile organisasjonen.
- Hovudansvaret for informasjonsstrategien i organisasjonen.
- Sekretær for representantskapet, styret og regionrådet i og andre utval tilhøyrande regionrådet.
- Samordna arbeidet og førebu saker til regionrådet og styret.
- Setja i verk vedtak fatta av regionrådet og styret.
- Ansvarleg for oppfølging av utviklingsplan, tiltaksarbeid og prosjektarbeid.

## **§ 11 Arbeidsgjevarfunksjonen**

Styret har arbeidsgjevaransvaret for alt personale tilsett i rådet. Dagleg leiar utøver den daglege arbeidsgjevarfunksjonen på vegne av styret.

## **§ 12 Budsjett/driftsutgifter**

Representantskapet vedtek innstilling om neste års budsjett som vert sendt til kommunane innan utgangen av august månad. Representantskapet er budsjettansvarleg.

Representantskapet har fullmakt til å føreta budsjettreguleringar innanfor vedteke budsjett og til å styrke budsjettet ved bruk av inntekter ut over det budsjetterte. Representantskapet kan gje budsjettfullmakter til styret. ( Jfr. IKS-lov §18 )

Hardangerrådet iks sitt budsjett skal dekkja:

- Dagleg drift
- Finansiering av prosjekt/tiltak i regionen. Rådet kan ikkje setja i gang tiltak som fører med seg større økonomiske plikter enn det inntektene gjev grunnlag for.
- For store prosjekt skal det utarbeidast eigne budsjett, som skal godkjennast av rådet og kommunane/herada dersom det ikkje er dekning på rådet sitt budsjett.

Reiseutgifter og anna godtgjersle for kommunale representantar i regionrådet sine organ og i prosjektarbeid vert dekkja av den einskilde kommune, dersom anna ikkje er avtala.

Reiseutgifter og godtgjersle til styret og andre vert dekkja av Hardangerrådet iks, etter staten sine satsar.

### **§ 13 Selskapet sin representasjon.**

Styret representerer selskapet utad og teiknar firmaet.

Styret kan gje rådsordførar og/eller dagleg leiar rett til å teikna selskapets firma.

Dagleg leiar representerer selskapet utad i saker som fell under myndet etter Lov om IKS § 14.

## **KAPITTEL 3**

### **SAKSHANDSAMINGSREGLAR OG KOMMUNANE SINE PLIKTER**

#### **§ 14 Selskapet si klagenemnd**

Klage i enkeltvedtak i Hardangerrådet iks vert avgjorde av ei klagenemnd samansett av leiar/medlem i klagenemnd/klageorgan i dei 4 eigarkommunane. Funksjonane som leiar og nestleiar i klagenemnda følgjer perioden og kommunen/heradet som til ei kvar tid har rådsordførar og rådsvaraordførar.

#### **§ 15 Sakshandsaming**

Hardangerrådet iks følgjer sakshandsamingsreglane i samsvar med føresegnene i kommunelova kapittel 6 - sakshandsaming i folkevalde organ.

#### **§ 16 Økonomi/finansiering**

Selskapet fører rekneskap etter rekneskapslova.

Representantskapet vel revisor. ( Jfr. IKS-lov §28 )

Selskapet sitt årsbudsjett vert sett opp slik at det gir eit realistisk bilete av drifta av verksemda. Deltakarkommunane forpliktar seg til å gje tilskot til selskapet etter eigarandelane i denne selskapsavtalen. Årsbudsjettet er endeleg når kommunane har gjort vedtak om tilskot etter kommunelova § 45 nr 4.

Tilskot frå kommunane vert å betala i to terminar à 50%, 15. januar og 15. juni

Selskapet kan ikkje ta opp lån frå andre enn eigarkommunane.

Selskapet kan ikkje stilla garanti eller pantsetja eigedeler.

## **KAPITTEL 4**

### **GYLDIG SELSKAPSAVTALE**

#### **§ 17 Gyldig selskapsavtale**

Hardangerrådet iks sin selskapsavtale er gyldig når han er godkjend av kommune-/heradstyra i dei 4 deltakarkommunane. Endring av avtalen som gjeld forhold som omtalt i Lov om IKS § 4, tredje ledd, skal skje på same måte. Andre endringar vert gjort av Representantskapet i tråd med Lov om IKS § 4 andre ledd, andre punktum.

## KAPITTEL 5

### UTMELDING/OPPLØYSING

#### § 18 Utmelding

Den einsskilde deltakarkommune kan med eit års skriftleg varsel seia opp sitt deltakartilhøve i Hardangerrådet iks i tråd med Lov IKS § 30.

Oppseiingsfristen på eitt år gjeld frå 31.12. det året oppseiinga finn stad. Kommunar som melder seg ut, har plikt til å betala deltakartilskot inntil utmeldinga er effektiv. Utmeldt kommune heftar for framtidige pensjonsforpliktingar i samsvar med eigar- og ansvarsdel i selskapet.

#### § 19 Oppløysing

Hardangerrådet iks kan oppløysast når deltakarkommunane er samde om det, jf Lov om IKS §32 og det er gjort vedtak i alle deltakarkommunane. Oppløysing skal handsamast i representantskapet. Møte i representantskapet må kallast saman med ein frist på 12 månader og 3 av medlemmane må vera tilstades. Styret i selskapet er avviklingsstyre i oppløysingsåret. Kommunane heftar for framtidige pensjonsforpliktingar i samsvar med eigar- og ansvarsdel i selskapet.

Oppløysing av Hardangerrådet iks må godkjennast av departementet.

Vedteke:

Eidfjord kommunestyre	xx.yy.2020	..... Ordførar
Kvam heradstyre	xx.yy.2020	..... Ordførar
Ullensvang kommunestyre	xx.yy.2020	..... Ordførar
Ulvik heradstyre	xx.yy.2020	..... Ordførar

# Overordna strategiplan for Hardangerrådet 2021 - 2024

## Visjon for Hardanger:


Hardanger skal vera ein god og berekraftig region å leva i, å arbeida i og utvikla seg i. Hardanger skal vera ein region med høg grad av sosial kapital og tillit.

## Mål for Hardangerregionen:

- I Hardangerrådet skal me bygga ein sterk region med samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane.
- Hardangerrådet skal vera eit strategisk organ for Hardanger, og gjennom samhandling bidra til ei berekraftig utvikling og styrking av regionen.
- Hardangerrådet skal vera ein aktiv pådrivar og arbeida strategisk med samfunnsutvikling på ulike arenaer.
- Hardangerrådet skal arbeida for ein regional innovasjonskultur med fokus på kunnskapsoverføring og interaktive læringsprosessar.
- Hardangerrådet skal vera ein regional innovasjonsleiar med fokus på breie og opne prosessar utøvd på tvers av sektorar, oppgåver og nettverk.
- Hardangerrådet skal ha ei nøkkelrolle i forhold til regional fornying og omstilling ved at det kan gjera regionen i stand til å identifisera og samla seg om nye utviklingsspor og moglegheiter.
- Hardangerrådet skal representera regionale interesser overfor fylkeskommunen, stortings- og regjeringsapparat, den statlege forvaltninga og det statlege verkemiddelapparatet.
- Hardangerrådet skal i si verksemd utgjera ein meirverdi for medlemskommunane i høve til å forsterka interessene deira inn mot fylkeskommune og sentralstyresmakter.

## Hovudinnsatsområder er :

1. **Regional utvikling** : Distriktpolitisk arbeid, samarbeid mellom regionråd, attraktivitet, aktivitetar, kultur, digitalisering, omdøme/vertskap.
2. **Humankapital**: Innbyggjarar: demografi, kompetanse, lytt til ungdomane, innsats for tilflytting.
3. **Næringsutvikling** : Viktige næringar, utdanning, heilårsarbeidsplassar, rett kompetanse, attraktivitet.
4. **Infrastruktur**: Samferdsel og digital infrastruktur/5G
5. **Smart innovasjon**: Betre utnytting av ressursar. Arbeidstakarar, forvaltningssystem, utvikling, attraktivitet.



Møtedato 22.10.2020

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 36/20 Søknad om støtte.  
Gründerakademiet - etablerarkurs for Hardanger  
Søklar: Næringsshagen i Hardanger**

**Saksvedlegg:**

Vedlegg 1: Søknad frå Næringsshagen i Hardanger

Vedlegg 2: Sluttrapport Gründerakademiet haust 2019

**Saksutgreiing:**

Næringsshagen i Hardanger (NIH) tilbyr gründeropplæring for etablerarar/oppstartsbedrifter i Hardanger. Kurset som NIH tilbyr går over 8 kursdagar (4 x 2dg) og er på tilsaman 50 timar.

NIH har gjennomført kurs i 2017, 2018 og 2019 for tilsaman 25 oppstartsbedrifter. 90% av desse kjem frå Kvam. For kurset i 2020 (8 deltakarar) er 50% av deltakarane frå Kvam.

Svak økonomi hos desse gründerane/oppstartsbedriftene gjer at ein no ønskjer å tilby eit rimelegare kurs med eigenandel på kr 4.000.

Som det framgår av søknaden er det søkt om støtte også frå Kvam herad (kr 350.000) og Sparebanken Vest ( kr 50.000) Ingen av desse har så langt svart NIH.

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2020-0019	<b>Søknadsår</b>	2020	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Regionalt Etablerarfond Hardanger 2020			
<b>Prosjektnavn</b>	Grunderakademiet - etablererkurs for Hardanger			

### Kort beskrivelse

Næringshagen i Hardanger gjennomførte gründeropplæring for 12 personar hausten 2019. Dette gjorde vi med støtte frå Kvam kommune og Sparebanken Vest.

Det er stor pågang av oppstartsbedrifter frå Hardanger som tek kontakt for hjelp til å utvikle forretningsideen og som vil starte nye selskap. Desse ynskjer Næringshagen og gje ein god start med kursing.

### Prosjektbeskrivelse

Næringshagen har sertifisert seg på kursopplegget til Gründerakademiet som er utvikla av Fabrikken Næringshage som eit fellesprosjekt for alle dei 50 næringshagane i Norge. Kurset Gründerakademiet gjev etablerane ein ein god og grundig opplæring (50 t) som næringshagen står for. Desse gründerane treng og ei oppfølging etter kurset då det tek tid og det er ei utfordrande å lukkast med å etablere ny bedrift. Gründerane kjennesteiknast på at dei har stor trong for hjelp og har liten betalingssevne då det tek tid då nye det er lite eller inga inntening i ein etablererfase.

Gründerakademiet sitt kursopplegg er slik:

4 stk. 2 dagssamlngar med tilsaman 8 dagar. På den siste samlinga får dei trening på presentasjon for investorar og andre som ynskjer å satse på ideen og kan vere med å investere i bedrifta.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Sigmund Vereide Org.nr:915766641	Sjusetevengen 27 5610 ØYSTESE	900 70 848
<b>Kontakt- person</b>	Sigmund Vereide	Sjusetevengen 27 5610 ØYSTESE	900 70 848
<b>Prosjekt- leder</b>	Sigmund Vereide	Sjusetevengen 27 5610 ØYSTESE	900 70 848

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Ja

Grunderakademiet 2019. Nyskaping i Næringshagen, (2020). Reiselivsutvikling Kvamskogen.

### Spesifikasjon

#### Bakgrunn

Historikk om gründertilfang til NIH siste åra:

Hausten 2017, 2018 og 2019 har NIH hjelpt 25 stk. oppstartsbedrifter. Dei fleste av desse (90%) kjem i frå Kvam. Kjenneteiknet for desse bedriftene er at dei har svak økonomi og har ikkje råd til å kjøpe den kompetansen dei treng, trass at NiH tilbyr dei rabberte tenester.

For å få ned prisen på rettleiinga og kompetansehevinga er det meir kostnadseffektivt og kurse i grupper enn ein til ein slik vi gjer i dag til ein viss grad av etablererbedrifter. Derfor er vegen å gå å lage eit godt tilbod som Gründerkurs.

### **Prosjekt mål**

\* Få skulert 12 gründerarar innan eitt år med det nye utvikla etablererkonseptet "Gründerakademiet" som Fabrikken Nh har brukt over 2 mill kroner på å utvikla i samarbeid og finansiert av Siva.

\* Av dei 12 kursdeltakarane er målet at det vert etablerast 5 nye bedrifter.

\* Gje dei fem 5 nye bedriftene eit styrka grunnlag til å bli lønnsame med strategisk individuell oppfølging som målbedrift i næringshageprogrammet.

### **Forankring**

Næringshageprogrammet som NIH er ein del av, er det eit godt nettverk for kompetanseutvikling. Nettverket deler konsept utvikla spesielt av og for næringshagane i Norge.

NIH har sertifisert 3 stk. forretningsutviklarar til etablererkurset Gründerakademiet.

NIH vil trekke på kompetanse frå regionalt næringsliv og medlesbedrifter med ulik spisskompetanse på deler av kurset. Resten av kurset vil ein bruke egne ressursar til (forretningsutviklarar).

Ein vil gjennomføre kursa i ein nær dialog med lokale næringslag som skal hjelpe til med rekruttering av deltakarar. NIH er medlem av dei fleste næringslaga i Hardanger.

### **Prosjektorganisering**

NIH køyrer dette som eit utviklingsprosjekt i nært samarbeid med konseptutviklar Fabrikken Nh og dei andre næringshagne som køyrer etablereropplæringa.

### **Samarbeidspartnere**

\* Kirkenes næringshage

\* Andre næringshagar/Kunnskasparkar som vel å nytte dette konseptet (målet er å få til 2 nasjonale samlingar i året i utviklingsperioden)

\* Næringslaga i Hardanger

\* Team Hardanger

\* Regionalt næringsliv

\* Inunett

### **Aktiviteter**

Rekruttering av 12 gründerar som søker opptak i gründerprogrammet "Gründerakademiet".



\* Gjennomføre etablererkurset etter mal "Gründerakademiet" 4 samlinger a 2 dagar med totalt 50 timar.

\* Evaluering av pilotprosjektet

### **Målgrupper**

\* Gründerar/personar i Kvam som vurderer eller ynskje om å starte eiga bedrift med ynskje om oppstart av eiga bedrift. Nokon er kanskje alt etablert som bedrift.

\* Andre gründerar/personar i andre deler av Hardanger.

### **Resultat**

12 enkeltpersonar med ide og oppstartsbedrifter frå Hardanger som går gjennom etablererkurset "Gründerakademiet" i regi av NIH.

Etablere ein sterkt nettverk mellom gründerar og oppstartsbedrifter.

### **Effekter**

Effekter

Styrka næringsliv ved fleire lønsame bedrifter i Hardanger.

### **Tids- og kostnadsplan**

#### **Tidsplan**

Oppstart planlegging og rekruttering 15. aug. og september 2020

Kursgjennomføring oktober og november 2020

Evaluering desember 2020

**Kostnadsplan**

Tittel	2020	2021	2022	2023	2024	SUM
Evaluering	15 000					15 000
Kurshaldarar, førebuing og undervisning	190 000					190 000
Møte og kursokaler	60 000					60 000
Overnatting hotell	86 000					86 000
Planlegging	25 000					25 000
Rekrutering og marknadsføring	40 000					40 000
Servering 8 kursadaga	60 000					60 000
Uforutsette utgifter	14 000					14 000
Økonomi og rekneskap	10 000					10 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>500 000</b>					<b>500 000</b>

Ein stor del av kostnadane går til mat og overnatting på kursstaden, slik at deltakarane kan overnatte og sleppe å reise heim då kurset varer seint på dag. Dette viser seg å vere viktig for å bli godt kjent med kvarandre og bygge nettverk til likesinna.

**Finansieringsplan**

Tittel	2020	2021	2022	2023	2024	SUM
Hardangerrådet iks	100 000					100 000
Kvam kommune	350 000					350 000
Sparebanken Vest	50 000					50 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>500 000</b>					<b>500 000</b>

**Geografi**

1227-Jondal, 1228-Odda, 1231-Ullensvang, 1232-Eidfjord, 1233-Ulvik, 1234-Granvin, 1238-Kvam

**Vedleggsliste**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Sluttrapport Grunderakademiet 2019, rev.docx	27 484	12.09.2020

## **GRUNDERAKADEMIET haust 2019, med oppfølging**

### **Bakgrunn for prosjektet**

Næringshagen i Hardanger har gjennomført GRUNDERAKADEMIET i Hardanger hausten 2019.

Invitasjon gjekk til heile Hardangerregionen. Påmelde var i ide og heilt i startfase. Programinnhaldet er utarbeidd som del av det nasjonale Næringshageprogrammet og nyttast i heile landet.

Gjennomføringa er omfattande med åtta heile kursdagar fordelt på fire samlingar for gründerar i Hardangerregionen.

Alternativt kan gründerar få tredelt kurs på Etablerarsenteret i Bergen, men tilbakemeldingar frå aktuelle kandidatar er at det er langt å reisa (opptil 3,5t for ein del) og sjølv om kurset er billeg kostar reise, overnatting og bompengar mykje. Det opplevast og som kulturforskjellar på by og land, samt at Næringshagen er kjend lokalt med kjende og relevante presentatørar lokalt.

### ***Kostnader***

Deltakarpris pr per person kr 4000,- inkludert overnatting.

### **Ansvarsforhold og organisering**

Næringshagen i Hardanger (NiH) har vore prosjekteigar og organisator. NiH har gjennomført fire samlingar frå september til desember i Eidfjord og Kvam.

Gjennomføring med foredrag, diskusjonar, innlegg, workshops med individuelt og gruppearbeid, i tillegg til innlegg frå inviterte suksessfulle grundarar, bank og finansinstitusjonar og andre relevante frå verkemiddelapparat. For å auka suksessraten med gründerane har vi hatt ei tett oppfølging mellom og etter samlingane med individuell oppsamling to gonger pr gründerverksemd, med tilgang til ein tredje samtale.

Haustens kursrekke hadde tolv påmelde verksemder frå start, men ei flytta til Nesbyen i oktober og ei verksemd måtte trekkast grunna sjukdom. Dei ti andre gjennomførte heile programmet og fekk gjennomført oppfølgingsamtalane.

### **Målsetjing og prosjektplan**

*Målsetjing* med oppfølging har vore å sikre suksessrate for vidareføring av verksemdene etter gjennomført grunderkurs. Når kompetansen er sikra og dei viktigaste aspekta av verksemda er gjennomarbeidd, er suksess basert på å skapa tryggleik for eigen verksemd.

#### *Prosjektplan*

Hovudfokus var på kundar og kvar samling hadde innlegg frå eksterne:

- A. Samling 1: 13-14 september TEMA: Ambisjon, Kunde/marknad, Konkurrentar

- B. Samling 2: 4-5 oktober TEMA: Produkt/teneste, Økonomi: Finansiering, budsjtar, kalkylar
- C. Samling 3: 1-2. november TEMA: Kundereisa, Historieforteljing, Partnerar/verkemiddelapp
- D. Samling 4: 22-23 november TEMA: Strategi og pitch

## Vurdering av resultat

*Tilbakemeldingar:* Temaene var relevant og augeopnande for grundarane. Det var tid til dybdedykk i dei ulike fagområda, og føredragshaldarane opplevdes kunnskapsrike og erfarne. Individuell oppfølging mellom samlingar har vore ei særskild god kombinasjon med sjølv kurset:

Tilbakemeldingane har vore gode på at det var tryggande å få stilt eigne spørsmål, ofte av kjensleg art (personleg eller privatøkonomisk). Tema vart spelt inn i forkant av oppfølginga slik at begge partar kom førebudd til møta: td. risiko, leiarutfordring og personlege satsingar, finansiering vrs privatøkonomi, produktjusteringar – dvs diskusjonar som ein ikkje ønska å ta i plenum. NiH vart kjend med dei blivande verksemdene gjennom GrunderAkademiet- det har vore nødvendig å gå i djupna på realitetane på nokre av drift/tenking utan å ta motet i frå gründerane. At ein har hatt mogelegheit å byggja trygge relasjonar har medført at ein har fått redusert risikoane og auka bevisstgjeringa i kva ein går til og om ein har alle ressursane som skal til i eit riktig tempo. Tilbakemeldingar har vore at kvar grundarverksemd har opplevd seg særskild godt ivareteken.

## Resultat

Sju verksemdar var allereide i gong men er definert som gründerar. Fem av verksemdene starta omgåande eller var delvis i gong. Tre av verksemdene er no i oppstart for sommarsesongen. To av verksemdene er basert på haust/vinterturisme og hadde bookingar frå hausten- dei må avventa på grunn av Korona situasjonen (mista alle bookingane) men er organisert og klare til oppstart når tida er rett. Berre to bedrifter har ikkje starta drift, men ser for seg å koma i gong til neste år.

Fleire av verksemdene har tilknytt seg NiH for vidare oppfølging og sikra drift og nettverk framover.

	Namn	Grunderbedrift	Resultat
1	<b>Kristine M. Biseth</b>	Markedshage	Oppstart mai 2020
2	<b>Bjørn Berge Lyssand</b>	Bier og jordforbetring	Oppstart 2020
3	<b>Trygve Osmo</b>	TAAT kosmetikk	Klar for lansering
5	<b>Eirin Pedersen</b>	Design bruktmarked	To testsal
6	<b>Thomas Varberg</b>	Ny Sense Hardanger	Vinter 2020/21
7	<b>Mark van de Buerie</b>	Hardanger Guideservice	Etablert 2 år
8	<b>Claudia Hoessler</b>	Ny Ravenheart	Oppstart juni 2020
9	<b>Johannes Bjørke</b>	Ide (Smie med undervisning)	Avventar, oppbygging

10	<b>Irene Henriksen</b>	Ny (Kunstterapi/Drømmeveiledning)	Oppstart feb 2020
11	<b>Alexandra Osmo</b>	TAAT	Klar for lansering
12	<b>Yamen Bohsas</b>	NiH	Grunderkurs arabisk, haust 2020
13	<b>Klara og Will</b>	Anyexcusetoride- flyttet	Medlem men flytta (GA)
14	<b>xx</b>	Sjukdom	



Møtedato 22.10.2020

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 37/20 Ny fordelingsnøkkel for støtte til  
Turistbåtruta på Hardangerfjorden 2021 - 2024**

**Saksvedlegg:  
Vedlegg: Avtale mellom Skyss og Hardangerrådet**

**Saksutgreiing:**

Hardangerrådet og Skyss har undertekna samarbeidsavtale om spleiselag vedr. Turistbåtruta på Hardangerfjorden for 5 års-perioden 2020 - 2024. Avtalen inneber at Hardangerrådet betaler kr 500.000 årleg til Skyss som regionalt bidrag til å oppretthalda denne ruta.

I Hardangerrådsmøte 16.09.2019 i Ulvik i HR-sak gjorde regionrådet slikt vedtak:

**HR-sak 36/19 Spleiselag for Turistbåtruta på Hardangerfjorden**  
*Reiselivsnæringa bør utfordrast til å bidra i spleiselaget.*

**Vedtak:**

*For året 2020 vert fordelinga slik:*

<i>Hardangerrådet</i>	<i>150.000</i>
<i>Eidfjord kommune</i>	<i>150.000</i>
<i>Ullensvang kommune</i>	<i>100.000</i>
<i>Kvam herad</i>	<i>50.000</i>
<i>Ulvik herad</i>	<i>50.000</i>
	<i>500.000</i>

*Administrasjonen tek kontakt med reiselivsorganisasjonar/verksemder med oppmoding om deltaking i spleiselaget. Bidrag frå næringslivsaktørar vil gå til frådrag på Hardangerrådet sin andel.*

Som det framgår av vedtaket gjeld dette for året 2020. Hardangerrådet har ikkje egne økonomiske midlar til å fortsetja som part i dette spleiselaget.

P.g.a. koronasituasjonen vart sesongen 2020 avkorta og Hardangerrådet fekk redusert sitt bidrag frå opprinneleg (avtala) kr 500.000 til kr 175.000.

Dersom sesongen 2021 også vil verta påverka av koronapandemien bør ny fordeling evt. utsetjast til 2022.

**Framlegg til vedtak:**

For perioden 2021-2024 vert fordelinga av Hardangerrådet sin andel i spleiselaget for Turistbåtruta på Hardangerfjorden slik:

Eidfjord kommune	200.000
Ullensvang kommune	150.000
Kvam herad	75.000
Ulvik herad	75.000
	500.000



# Avtale

**Avtalen gjeld:**

MEDFINANSIERING FOR KONTRAKT  
«Snøggbåt Skyss - Turistrute Hardanger – SKYSS 19/02»

**Kontrakt mellom:**



**Skyss**

**Hardangerrådet**

For Skyss:

5/12-2019

For Hardangerrådet:

 Direktør Skyss	 <b>HARDANGERRÅDET IKS</b> Dagleg leiar
---	---

Det er skriven ut 2-to eksemplar av denne kontrakten. Skyss og Hardangerrådet har kvar motteke 1-eitt eksemplar.

## **1 GENERELT**

Denne gjeld avtalen Hardangerrådet sin andel av utgiftene til kjøp av Turistrute Hardanger.

## **2 BAKGRUNN OG FORMÅLET MED KONTRAKTEN**

Hardangerrådet har forplikta seg til å bidra til finansiering av Turistruta i Hardanger. Finansieringa frå Hardangerrådet skal nyttast til produktutviklingsdelen av skysstilbodet.

Denne avtalen regulerer Hardangerrådet sine betalingsforpliktingar overfor Fylkeskommunen.

## **3 AVTALEN GJELD I TIDSROMMET**

Denne avtala gjeld i så lenge kontrakt - Turistrute Hardanger - SKYSS 19/02, gjeld.

Det fyljer av Kontrakten pkt. 3 at denne gjeld frå oppstart 1. juli 2019 til og med 31. oktober 2024. Oppdragsgjevar har etter dette opsjon på å forlengje kontrakten med ytterlegare 1+1 år.

Første kontraktår skal drift vere frå 1. mai 2020 og i 4-fire månader til 30.09.2020.

Frå 2021, inkludert opsjonsåra, skal Operatør drifte sambandet i 6-seks månader i perioden 01.04 – 31.10.

## **4 AVTALT ÅRLEG TILSKOTT FRÅ HARDANGERRÅDET**

Avtala årleg tilskott til drift av turistruta er kr 500 000.

## **5 BETALINGSVILKÅR**

Hardangerrådet sitt årlege tilskott vert fakturert i juli kvart år, første gong pr. juli 2020.

Det skal ikkje bereknast noko form for gebyr eller tillegg. Eventuell forseinkingsrente vert berekna i samsvar med lov om forseinkingsrente.

Betalingsfrist vil vere 30 dagar.

## **6 TILGONG TIL KAIAR**

Det er lagt inn som føresetnad i kontrakt Turistrute Hardanger at kaiar, samt vente- og toalettfasilitetar som inngår i oppdraget vert stilt til fri disposisjon for operatøren. Hardangerrådet forpliktar seg til å bidra til at dette kan gjennomførast.



## 7 PARTANE SINE KONTAKTPERSONAR

Førespurnader som har med denne avtalen å gjere, skal sendas til følgjande:

**Kontaktperson Skyss:** Bjørn Erik Linde  
Adresse: Postboks 7900, 5020 Bergen  
Telefon: 55 23 95 50  
E-post: [bel@skyss.no](mailto:bel@skyss.no)  
Organisasjonsnummer: 992 051 825 mva.

**Kontaktperson Hardangerrådet:** Jostein Eitrheim  
Adresse: Postboks 78, 5782 Kinsarvik  
Telefon: 53 67 14 50  
E-post: [post@hardangerraadet.no](mailto:post@hardangerraadet.no)  
Organisasjonsnummer: 980 045 412



Møtedato 22.10.2020	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

## HR-sak 38/20 Møteplan 2021 for Hardangerrådet

### Saksutgreiing:

Hardangerrådet har bestemt at ein skal tidleg ut med møteplanen for å unngå at kommunane og andre set opp møta sine på same datoar. Det er mange omsyn som skal tilpassast med 4 kommunar/herad, Vestland fylkeskommune med fleire. Kommunane i Hardanger har godkjent at Hardangerrådet har sine fellesmøte på torsdagar og fredagar.

Skuleruteferien er slik:

Vinterferie	Veke 8/9	22/02 - 05/03
Påske	Veke 13/14	01/04 - 05/04
Pinse	Veke 20/21	23/05 - 24/05
Sommarferie	Veke 25/34	21/06 - 16/08
Hautferie	Veke 40/41	04/10 - 15/10
Jolaferie	Veke 52/01	22/12 - 03/01

Vurdering:

Me har stort sett fulgt malen frå i dette året. Det vert 4 ordinære møte + Hardingtinget i vårhalvåret pluss 3 ordinære møte i hausthalvåret pluss Hardangerkonferansen 2020

### Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet vedtek slik møteplan for 2021:

## Møteplan 2021

2021	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet	Torsdag 21.		Torsdag 25.	Torsdag 23.		Torsdag 10.	Torsdag 9.	Torsdag 21.		Torsdag 9.
Representantskapet	Ulvik		Ullensvang Årsmøte	Kvam		Eidfjord	Ulvik	Ullensvang		Kvam
Hardangerkonferansen									Ons-Tors 10.-11. Eidfjord Hardangerkonferansen	
Hardingtinget		Torsdag 18.								
Styret HR		Torsdag 4.	Torsdag 25. Årsmøte			Torsdag 3.		Torsdag 14.		Torsdag 2.